

Årsmelding



IL JOTUN FOTBALL

2019





Innhald

1. Styret.....	3
2. Utval / Roller.....	3
2.1. Sportsleg utval.....	3
2.2. Norway Cup	3
2.3. Faaberg-turneringa	3
2.4. Fair Play ansvarleg	3
2.5. Målrock	3
3. Møte/ viktige saker	3
4. Seriespel.....	4
4.1. 2018.....	4
4.2. Resultat i seriespelet.....	4
4.3. Utvikling tal lag 2004-2019	5
5. Turneringar	6
5.1. KM innandørs.....	6
5.2. Norway Cup	7
.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
5.3. Faabergturneringen.....	12
5.4. Kongleriket miniputt	16
6. Økonomi	18
6.1. Fordeling inntekter	18
6.2. Fordeling kostnader.....	19
7. Utdanning (2009 – 2019).....	21
7.1. Status 2009-2019.....	21
8. Kvalitetsklubb.....	22
9. Representasjon	22
9.1. Møter/verv i NFF Sogn og Fjordane	22
10. Oppgaver i fokus.....	25
10.1. Utvikling.....	25
10.2. Årshjul	25
10.3. Aktivitet/tilbod.....	25
10.4. Organisasjon	25
10.5. Anlegg	25



11. Avslutning.....26

1. Styret

Styret har i 2019 vore samansett slik:

Leiar: Henrik Rønningen
Nestleiar: Stine Wigum

Fair-Play ansvarleg:	Ivar Otto Øren
Oppmannsansvarleg:	Ruth Laberg
Styremedlem:	Arne Håkon Laberg
Ungdomskontakt :	Åsmund Nesse (er ikkje formelt vald.)
Styremedlem:	Mariann S. Hatlenes

Valnemnd: Marianne Hestetun, Kari Ann Midtun og Sindre Rode

2. Utval / Roller

2.1. Sportsleg utval

Frank Eldegard, Arne Håkon Laberg; Morten Brandsdal og Ivan Øy (representant ÅFK)
Henrik Rønningen har vore med på møta.

2.2. Norway Cup

Styret, Kai Wigum, Geir Frode Rudi, Even Øren, Lars Grenager

2.3. Faaberg-turneringa

Odd Børge Nundal, Mariann Hatlenes

2.4. Fair Play ansvarleg

Ivar Otto Øren

2.5. Målrock

Ivar Otto Øren, Per Kopperdal, Geir Roar Vee

3. Møte/ viktige saker

Styret har hatt 10 styremøter denne sesongen.

Viktige saker:

- Arbeid rundt Kvalitetsklubb
 - Klubbesøk, arbeid med eigenmelding
- Fair Play arbeidet
- Målrock 2019
- Fotballmodellen i Årdal
- Turneringar
- Utdanning
 - Dommarkurs

4. Seriespel

4.1. 2019

Påmelde lag 2019: 40 lag
Tal aktive 2019: 376

Fotballgruppa har stor aktivitet og positiv utvikling i deltaking. Seriespelet har i 2019 vore frå ungane fyller 9 år. Jotun har hatt lag i alle aldersbestemte klassar denne sesongen.

4.2. Resultat i seriespelet


- J15/17 9/7ar vart nr.2 i sin avdeling.
- J13/14 9ar 2. divisjon avd vår vart nr. 5
- J 13/14 9ar 2.divisjon avd haust vart nr 1.
- Senior Herre 6. divisjon avdeling 1 (ÅFK/Jotun/Åtil) nr. 3
- G15/17 11ar 2. divisjon vart nr 1 (sluttspel nr 3)
- G15/17 9/7ar nr. 3
- G13/14 11ar vårsesong 1. divisjon vart nr. 1
- G13/14 11ar haustsesong 1. divisjon vart nr 2.
- G13/14 11ar 2.div haust vart nr 4.
- G13/14 9ar avd vår 2. divisjon vart nr. 8
- G13/14 9ar avd haust 2.divisjon vart nr 4



Desse tre bidreg til at me kan ha seriespel kvart år. Mathias Øren, Heine Hunderi og Theo Kopperdal er vortne habile dommarar.

4.3. Utvikling tal lag 2004-2019

IL Jotun fotball har hatt eit stabilt tal lag dei siste åra. I 2019 var det ein liten oppgang i tal lag, noko som betyr at trenarar og tillitsvalde jobbar godt.. Totalt tal lag i 2019 var 40, 7 fleire enn i 2018.



Nytt i barnefotballen i år er at me har starta med 3v3. Heilt nye baner vart kjøpt inn i 2018, med tilskot frå Sparebankstiftinga i Sparebanken Sogn og Fjordane. Ei flott speleform med høg aktivitet og mykje ballberøring.



5. Turneringar

5.1. KM innandørs

Aldersbestemt:

5 av laga til IL Jotun kvalifiserte seg til sluttspillet på Sandane.

Resultat:

- Jotun G13: nr 1 i gruppespelet
- Jotun G15: nr 1 i gruppespelet
- Jotun J13 : nr 2 i gruppespelet
- Jotun J14: nr 1 i gruppespelet
- Jotun J15: nr 3 i gruppespelet

Foto: NFF Sogn og Fjordane



5.2. **Norway Cup**
Jotun stilte med

G 15/17



Gruppe 7 G-17					
Lag	Kamper	V	U	T	Po
Sund Sportsklubb/Skogsvåg IL	3	3	0	0	9
Varden FK	3	2	0	1	6
Seleccion Scandinavia de Chile	3	1	0	2	3
IL Jotun	3	0	0	3	0

Gruppe 7 G-16					
Lag	Kamper	V	U	T	Po
Verdal IL	3	2	1	0	7
IL Jotun	3	2	1	0	7
Ridabu IL	3	1	0	2	3
Os TF 2	3	0	0	3	0



Gruppe 13 - J 14					
Lag	Kamper	V	U	T	Po
Kolbotn IL	4	2	2	0	8
Åndalsnes ÅIF/IL	4	2	1	1	7
Haugar, SK1	4	2	1	1	7
IL Jotun	4	1	2	1	5
Nordhordaland BK	4	0	0	4	0

Jentene tapte 1/16
dels finalen



Group 15

Lag	#	V	U	T	+/-		
1. IL Jotun	3	3	0	0	11 - 2	(9)	9
2. Villasanta Cosov 2	3	2	0	1	9 - 4	(5)	6
3. Spydeberg IL G14	3	1	0	2	2 - 9	(-7)	3
4. Kolbotn IL Hvit	3	0	0	3	2 - 9	(-7)	0

V = Vunnet, U = Uavgjorte, T = Tap,
= Spilte kamper, +/- = Mål, P = Poeng

G 2005 kom heilt til ¼ finalen. Den tapte dei 4-0



Group 19

Lag	#	V	U	T	+/-		
1. IL Jotun	3	3	0	0	16 - 2	(14)	9
2. Fotballklubben Landsås	3	2	0	1	13 - 3	(10)	6
3. Lindeberg SK	3	1	0	2	5 - 9	(-4)	3
4. Oppsal IF Fotball 3	3	0	0	3	4 - 24	(-20)	0

V = Vunnet, U = Uavgjorte, T = Tap,
= Spilte kamper, +/- = Mål, P = Poeng

Desse gutane kom til 1/16 del finalen der dei tapte 4-3.



Group 8

Lag	#	V	U	T	+/-		
1. Stegabergh IL 1	3	2	1	0	11 - 3	(8)	7
2. Torpa IL	3	2	0	1	11 - 8	(3)	6
3. IL Jotun	3	1	1	1	7 - 9	(-2)	4
4. Heddal IL	3	0	0	3	1 - 10	(-9)	0

V = Vunnet, U = Uavgjorte, T = Tap,
= Spilte kamper, +/- = Mål, P = Poeng

5.3. Faabergturneringen

Jotun hadde med 9 lag til Fåberg 2019.



Desse jentene vann Fåbergturneringa og fekk vandrepokal til odel og eige. I tillegg fekk trenaren deira Geir Frode Rudi utdelt oppmuntringsprisen. Ein årleg pris dei deler ut kvart år til trenarar som gir positiv og god oppmuntring til spelarane sine. Flott innsats av både spelarar og trenar.

IL Jotun er veldig stolte av at ein av våre trenarar utmerkar seg så positivt. Geir Frode har vore trenar både for gutar og jenter i Jotun i mange år. Tidlegare var han ein habil spelar på i aldersbestemt fotball og på seniornivå.

Jenter 2008 Fåberg:



Gutar 2008 Fåberg:



Jenter 2007 Fåberg



Gutar 2007 Fåberg:



Jenter 2006 Fåberg:



5.4. Kongleriket miniputt

Totalt var det 4 knøtteturneringar i Kongleriket miniputt. I år var det spelarar fødde frå 2013-2010 som deltok. Arrangørar for turneringa på Jotun stadion var 2010- kullet. Det vert endringar i Kongleriket for 2019. Mellom anna går 10-åringane ut og vi hadde 3v3 turnering for fyrste gang. Det var offisiell opning av nye kunstgraset i starten av turneringa der både Årdal kommune, ordførar, fylket og norsk tipping deltok.





Samhald ! Gutar 2010 i pauseprat med trenar Ole Gunnar Hunderi



6. Økonomi

Fotballgruppa si økonomiske målsetnad er å driva med mest mogleg aktivitet for barn og ungdom, ut frå dei økonomiske føresetnadane vi har.

I 2019 har fotballgruppa ein omsetnad på kr 1 686.183,- (mot kr 1 643.777,- i 2018). Årets resultat viser eit overskot på kr 207.683,- (mot eit overskot på kr 46.875,- i 2018). Hovedgrunnen til så stort overskot er ca 100.000 i lågare baneleige. Store delar av sommarsesongen fekk me ikkje trene på kunstgraset, da det var under rehabilitering.

Det vert investert i drakter og utstyr gjennom heile sesongen. Heilt nye sett skal kjøpast inn i 2020. Dette har med å gjera at det har kome inn nye sponsorar som skal ha rett trykk på draktene våre.

Fotballgruppa er pr. 31.12.2019 gjeldfri.

Årsomsetnaden er ca. ein 3 dobling samanlikna med 2009. Dette femner om høg aktivitet. Jotun fotball har meir enn dobbel så høg omsetnad som den nest største gruppa i Jotun.

6.1. Fordeling inntekter

Driftsinntekter enda på kr 1.686.183,- (1.643.777,-)

Nokre av inntektene under:

Kiosksalg:

Her held foreldre og ungar open bassengkiosk.

Inntektene er ei viktig kjelde til å betale baneleige til kamp og trening.

Fotballgruppa kutta for mange år sidan eigenadel ved kamp. Inntekta frå kiosken er med å dekke dette i dag.

Dugnader:

Sal av billetter i bassenget, vedlikehald rundt kunstgrasbana, måkrock veterancup har vore dugnader i år.

Sponsorinntekter :

Ein vesentleg del av inntektene til fotballen. Fordeling av hovedsponsorinntekter og reklame på buss.

Futsal arrangement:

Etter god dialog med Årdal kommune fekk leiar Henrik Rønningen istand avtale om billigare leige av Årdalshallen ved leige av den til futsal turnering. Dette gjorde til at fotballen sat at med eit bra overskot etter turneringa.



Driftsinntekter frå rekneskapen:

	Hittil	
	Reg i år	Reg i fjor
Salgsinntekter	1 024 957	1 023 138
3000 Sponsor avg.pliktig (25% moms)	303 419	315 809
3022 Utleige buss/hengar/utstyr	41 540	18 426
3120 Kiosksalg avg.fritt	170 483	180 617
3121 Kiosksalg avg.pliktig (15% moms)	99 140	137 767
3200 Billettinntekt eige arr.	50	0
3220 Loddsalg	2 985	12 105
3225 Kamplotteri	69 320	0
3230 Basar/andeløp/arrangem/tilstell/billotteri	73 185	65 002
3240 Dugnad	181 800	193 050
3260 Gåver/Bidrag/Støtte	83 035	100 362
Andre inntekter	661 226	620 639
3410 Tilskot offentleg/spelemidar utstyr	22 768	0
3500 Treningsavgift	126 890	139 832
3503 Fra HL LAN/MVA komp	185 718	153 477
3520 Eigenandel seriekamp	0	3 000
3530 Eigenandel turnering	323 400	324 330
3900 Andre driftsinntekter	2 450	0
Sum driftsinntekter	1 686 183	1 643 777

6.2. Fordeling kostnader

Andre driftskostnader var på kr 1.478.304 (1.591.793,-)

Turneringar:

Fotballgruppa har ein kostnad på ca kr 75.000 til turneringar. Resten kr 373.122 vert dekkja av eigenandel og dugnader.

Baneleige er ein stor kostnad. Vanlegvis ligg den på ca 230.000 årleg, men i år vart den redusert. Grunnen til det var at det gjekk lenger enn venta før det nye kustraset kom på plass.



Driftskostnader frå rekneskapen:

	Hittil	
	Reg i år	Reg i fjor
Varekostnader	209 778	208 680
4120 Kjøp Kioskvare avg.fritt	43 488	46 915
4121 Kjøp Kioskvare avg.pliktig	54 060	62 987
4350 Gitt gåver/bidrag /støtte andre grupper	3 010	0
4700 Arrangementutgifter	16 241	8 945
4710 Dommarutgifter	77 000	78 481
4777 Tilstelling/sos.samvære egne lag	6 707	10 964
4786 Utg. til lotteri/basar	8 182	388
4890 Diverse utgifter	1 090	0
Bruttofortjeneste	1 476 405	1 435 097
Dekningsgrad	87,56	87,30
Lønn og andre personalkostnader	6 000	2 500
Avskrivning varige driftsm.	116 100	65 520
Kostnader lokale	141 404	225 726
6310 Halleige/baneleige	141 030	224 954
6360 Renhold	374	772
Leie maskiner, inventar	60 000	120 000
6440 Leie transportmidler	60 000	120 000
Verktøy, inventar	80 479	122 467
6540 Kostnadsført inventar/utstyr	15 550	1 800
6550 Kostnadsført datautstyr	4 857	0
6553 Programvare årlig vedlikehold	0	2 078
6560 Driftsutgifter	5 040	2 129
6570 Treningstøy/overtreksdrakter	24 697	60 932
6571 Idrettsutstyr/tape/is	30 334	55 527
Reparasjon,vedlikehold	375	0
6620 Rep. og vedlikehold utstyr	375	0
Fremmede tjenester	114 167	48 460
Kontorkostnader	41 581	64 512
Kostnader transport	115 749	101 753
Reise, diett	457 037	448 304
7140 Reisekostnad seriekamp	57 727	72 545
7141 Overnatting seriekamp/stevner	3 700	7 415
7142 Reisekostnad turnering/tr.kamp/samlingar/stev	373 122	363 917
7160 Mat ved reiser seriekamp/turnering/stevner	22 488	4 427
Salg, reklame, repr.	0	1 188
7329 Anne reklamekostnad	0	1 188
Kontingenter og gaver	125 940	155 655

7400 Lisens forbund	0	5 900
7410 Kontingnet Krins	11 300	21 400
7412 Startkont/påmeld turnering/cup/stevner	66 700	76 095
7413 Startkont/påmeld seriekamp	35 850	27 760
7420 Gaver/utmerkingar/premier	1 290	2 500
7475 Overgangsgebyr/utlån	1 600	7 000
7477 Omberammingsgebyr m.m	9 200	15 000
Forsikringer, garantier	0	11 800
7500 Forsikringspremie	0	11 800
Andre kostnader	9 695	15 229
Sum driftskostnader	1 268 526	1 383 113

7. Utdanning (2009 – 2019)

7.1. Status 2009-2019

- 51 trenarar er ferdige med UEFA C (Trenar 1)
- 21 på rekruttdommarkurs i 2019
- 17 på Futsaldommarkurs i 2019
- 1 trenar fullført UEFA-B i 2015/2016
- 1 trenar deltok på SFFK draumetrenaren
- 2 på leiar 4 i forbundet (25 utdanna kvart år, høgast leiarutdanninga i NFF)
- 0 på leiar 2
- 2 på leiar 1
- 0 på leiar 3

Me ser at det er ei utfordring å halda på trenarane når egne ungar går ut av ungdomsfotballen, noko som vert ei viktig oppgåve å jobba med i åra som kjem.

Nesten alle årsklassane både for jenter og gutar har UEFA-C utdanna hovudtrenar.



I anledning miniputtturneringa hadde IL Jotun utdanna mange nye dommarar. Fleire av desse hadde sin debutdømming på miniputt turneringa i september.

Per Kopperdal har vore dommarkoordinator i 2019 og gjer ein fantastisk jobb for å sy saman kabalen med at alle kampar skal ha dommarar.

8. Kvalitetsklubb

IL Jotun vart i 2015 sertifisert som kvalitetsklubb. Me vart resertifisert i 2017, det vil sei at vi er evaluert av NFF Sogn og Fjordane. Sertifiseringa er stadfesting på at ein har oppfylt krava til NFF innanfor områda aktivitet, organisasjon, kompetanse og samfunn-verdiarbeid.

I 2019 har me hatt møte med kretsen der eigenmeldinga vart gjennomgått.



9. Representasjon

9.1. Møter/verv i NFF Sogn og Fjordane

- IL Jotun deltok på kretsting med 4 personar
- Styret stilte med 4 deltakarar på Kvalitetsklubbsamling i Flåm.
- Henrik Rønningen sit i seriekomiteen i fotballkrinsen.
- Frank Roger Eldegard sit i valkomiteen i fotballkrinsen.
- Ruth Laberg sit i valkomiteen i Sogn og Fjordane Gymnastikk og turnkrets

Henrik Rønningen vart tildelt pris for årets fortballeiar på Kretstinget i november 2019.
Det er vel fortent etter så mange år i fotballen for IL Jotun.

Du gjer ein fantastisk innsats for frivilligheiten !

Dei fleste i styret i Jotun har fullt opp å gjera med 100 % jobb og familie utanom Jotun fotball. I tillegg er fleire av oss djupt inni fleire verv. Me håpar difor at me får fleire med og kan løfte denne viktige oppgåva som Jotun fotball er inn i 2020.





10. Oppgaver i fokus

10.1. Utvikling

Ytterlegare utdanningsfokus og vidareutvikling av sportsleg utval vil være eit kontinuerleg arbeid kvart einaste år. Utdanne leiarar og tillitsvalde vil å bli eit satsingsområde i åra som kjem. Det er meldt til kretsen om ynskje med alle 4 delkurs i eigen klubb.

Trenarveileidar på jentesida er å plass, og utdanninga vert starta i 2020.

Fairplay vil bli fokusert veldig mykje på i komande periode. Me opplever mykje positivt men dessverre også ein del negativt. Laga vil koma til å merke at Fairplay vert noko av dei viktigaste oppgåvene me jobbar med framover.

10.2. Årshjul

Arbeidet med å få på plass eit godt og fungerande årshjul er i gong, og vil få ytterlegare prioritet.

10.3. Aktivitet/tilbod

Me ynskjer å utvida treningstilbodet og delta i fleire turneringar. Det skal være kjekt å vere med i gruppa, både for born og foreldre, aktive og støtteapparatet. Trivselstiltak vil bli ein prioritet.

Ynskjer å koma i gang att med fotballskule-/ eigne turneringar. Med samarbeid på tvers av idrettslaga og med dei rammevilkåra med har i Årdal, bør dette absolutt vera realiserbart.

10.4. Organisasjon

Det er eit stort behov for fleire hjelpande hender i fotballgruppa, i og utanfor styret. Dette arbeidet har høg prioritet framover.

Som ein av dei få gruppene i Jotun, har Jotun fotball fått på plass ungdomsrepresentant. Åsmund Nesse er også dommar i klubben. I tillegg til å sitje i styret sit han også i ungdomsutvalet i Jotun.

10.5. Anlegg

Henrik Rønningen er fotballgruppa sin representant i anleggsutvalet fram til 2021.

I september var det offisiell opning av nytt miljøvenleg kunstgras. Ei stor takk til alle økonomiske bidrag, både spelemidlar, kommunale midlar og flott gåve frå Sparebankstiftinga til Sparebanken Sogn og fjordane.



11. Avslutning

Takk!

Takk til våre sponsorar. Jotun Fotball hadde i 2019 to store sponsoravtale med Agnitio og Kleiven Sogn, samt fleire små avtalar med bedrifter som dekkja leasing-kostnadane på bussen vår. Bussen er nedbetalt og IL Jotun fotball har teke over eigarskapen av den.

Takk til alle foreldra som stiller opp på dugnad for fotballgruppa! Dette er ein innsats me er heilt avhengige av. Trenarar, lagleiarar, oppmenn, kampvertar, kioskvaktar, sjåførar, kakebakarar og andre nyttar tusenvis av dugnadstimar for at klubben skal kunne tilby ein brei aktivitet til born og unge.

Takk til 2010-kullet, med oppkvinner og -menn Marianne Hestetun, Monica Høl Øvstetun, Lars Martin Bergerud, Marita Midtun, Hanne Hestetun, Sven Nundal og Kine Fossøy i spissen for ein flott Kongleriket turnering.

Takk til seniorgruppa i IL Jotun for god hjelp under Kongleriket- turneringa og Målrock. I tillegg stiller desse spreke pensjonistane på alt fotballgruppa spør dei om.

Takk til dommarane våre. På dommersida hadde Jotun god utvikling i 2019, og eit kurs i klubbhuset i vår gav oss 17 fleire rekruttdommarar. Av desse var halvparten jenter. Enno ein gang, ei stor takk til Per Kopperdal for den innsatsen han legg ned i dommarkomiteen.

Ei stor takk til Nils Eirik Moen som vedlikeheld bana på Moa slik at Jotun aldersbestemt fotball kan trene der kvar sommar. Det er til stor hjelp i organiseringa rundt barnefotballen.

Framtida:

Samarbeidsavtalen mellom Jotun, ÅTIL og ÅFK vart vidareført med nokre presiseringar i avtaleteksten. ÅFK og fotballgruppene i idrettslaga ser det naudsynt å gå nærare inn på organiseringa av fotballen i kommunen, spesielt med tanke på tal aktive utøvarar som er førespegla dei neste åra.

Fleire av klubbane i vår region har ikkje klart å stille lag i alle klassar i turneringar som Kongleriket og Futsal i 2019, og det har vorte mange internkampar. Ein introduksjon av 3v3 i Kongleriket i 2019 har hjelpt på. Denne turneringsforma vart veldig godt motteken. Med nye 3v3-banar, som er enklare å montere, håper me og å auke aktiviteten blant dei yngste og kan hende få arrangert ein klubbturnering.

Ei siste helsing:

Ein stor Jotunprofil gjekk vekk i 2019. Einar Sæbø døydde etter fleire år med sjukdom. Jotun fotball skreiv minneord på heimesida, og sende krans i gravferda hans.



IL Jotun fotball ynskjer og å takke Stine Wigum som heilt fersk tok på seg rolla som sportsleg leiar for 3 år sidan. Den tøffaste oppgåva ein kan ha i ein organisasjon som Jotun fotball. Stine gjekk systematisk og grundig til verks. Revidering av sportsplan, baneplanar, dialogmøter med foreldre og spelarar. Alt grundig og godt gjennomført med god kommunikasjon og dokumentasjon. Det er synd når slike ressursar vel å tre ut av styret, men me har full forståing for at ein ynskjer å nytte fritida anleis. Tusen takk for fantastisk innsats Stine !

Til slutt:


I 2019 har styret vore lite, og hatt fleire vanskelege sakar til handsaming. Me registrerer ein utvikling der, etter vår meining, ein usunn prestasjonskultur har breidd seg i samfunnet og inn i idretten og fotballen. I dei aller fleste høve er det me vaksne som konstruerer urealistiske krav og legg krava på ungene og dei som på frivillig basis organiserer aktiviteten deira etter beste evne.

Me ynskjer engasjement, gode, konstruktive diskusjonar og eit godt tilbod til alle som ynskjer å spele fotball. Det får me til i dag, men kan bli betre på alle frontar. Til det treng me gode rollemodellar i mange roller og utval i gruppa. Me oppfordrar alle til å ta kontakt med styret om det er noko du kunne tenke deg å bidra med!


Me ynskjer alle ein god fotballsesong i 2020!

-Styret-



Henrik Rønningen (leiar)



Stine V. Wigum (nestleiar)


Ivar Otto Øren (Fair Play ansv.)


Mariann Hatlenes (styremedlem)


Ruth Laberg (oppmannsansvarleg)


Åsmund Nesse (ungdomskontakt)


Arne Håkon Laberg